

## Saksprotokoll 17.09.2020 - fylkesutvalet

### Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

### Vedtak

1. Fylkesutvalet vedtek med dette planprogrammet for Regional Transportplan Vestland 2022-2033 (RTP) slik den er vedlagt, med følgjande endringar:
  - Pkt. 3.3  
Kunnskapsgrunnlaget skal bestå av
    - oppdatert kunnskapsgrunnlag for sykkel og gange i Vestland
  - Tillegg i pkt 4.1.2 Investeringstiltak (tillegg utheva)  
Basert på dette og dei korridorvise utgreiingane skal det utarbeidast lister over prioriterte prosjekt etter ulike kategoriar av tiltak som strekningsvise utbyggingstiltak, punktutbetringar og behov for møteplassar.
  - 4.1.7. Viktige vegar for næringslivet  
Utfordringar  
Næringslivet er opptekne av føreseielege forhold for å kunne få sine produkt fram til mottakarane. I Vestland er næringer knytt til ressursane i havet og skogen i ei særstilling, og vegane til og frå hamner er difor særleg viktige.
  - 4.1.8. Massehandtering  
Formål  
God massehandtering er ein viktig føresetnad for ein sirkulær økonomi, og god handtering av massar kan bidra til lågare klimagassutslepp dersom ein finn gode, lokale prosjekt som kan ha nytte av massane til dømes i bygge- og industriprosjekt. Masseforvaltning handlar også om masseunderskot.  
  
Utfordring  
Det er mange store utbyggingar av samferdsels- og infrastrukturprosjekt i Vestland som gir store masseoverskot. Desse massane bør nyttast til samfunnstenelege formål, ikkje berre at samferdslesprosjekt må løyse sine masseutfordringar.  
  
Utgreiingsbehov  
Regional transportplan skal utarbeide prinsipp og strategiar for korleis ein kan nytte overskotsmassar på samfunnstenelege måtar.
    - Identifisere økonomiske og miljømessige gevinstar i utvikling av nye og betre alternative bruksområder.
    - Bidra til gjenbruk av produserte overskotsmassar innanfor industriell verksemd.
  - Pkt 4.2.2 Kollektivtransport  
Under utgreiingsbehov
    - RTP skal utgreie ailke konsept for kollektivtrafikk på sjø, med vekt på utslepp, kostnader og andre samfunnmessige konsekvensar. Blå bybane må utgreiast.
  - 4.2.2 Utgreiingspunkt
    - RTP skal greie ut kollektivstrategi for born og unge, samt andre grupper, som ikkje har tilgang til eigen bil.
  - 4.2.3 Utgreiingspunkt
    - RTP skal vurdere behovet for fleksibel skuleskyss for elevar både i grunnskule og vidaregåande skule, slik at fritidsaktivitetar kan verte lettare tilgjengeleg.
    - Skyss/Kringom sitt tilbod må bli betre tilpassa fylket sine eigne opplæringstilbod for elevar i vidaregåande skule.
  - 4.2.4 Sykkel og gange  
Utgreiingsbehov
    - som del av RTP skal det utarbeidast ein sykkelstrategi for Vestland.
  - 4.2.7 Fly  
Endre setning «Av ikkje-statlege flyplassar i Vestland har vi Stord lufthamn Sørstokken» til Fylket er eigar av Stord lufthamn Sørstokken (21%) saman med Stord kommune (79%), som vert driven av Sunnhordland lufthamn AS.
  - 4.3.1 Byvekstavtalen  
Utgreiing  
Ein gjennomgang av forskning på bruk og lokalisering av innfartsparkering må ligge til grunn for det vidare arbeidet med plassar for innfartsparkering knytt til ulike kollektivknutepunkt, td at innfartsparkering skal leggest utanfor sentersonene i Bergen, med unntak av Arna, jfr. Vedtak.

- 4.4.6 Utgreiingspunkt

Tillegg til nest siste kulepunkt: Herunder også greie ut, aleine eller i samarbeid med andre fylke, å innføre eigne standarder for fylkesveggar.

2. Fylkesutvalet ber administrasjonen om arbeida for realisering av ferjeavløysingsprosjekt i Vestland som klarar finansieringa utan fylkeskommunale midlar. Dette med sikte på raskast mogleg oppstart av desse prosjekta. Dette arbeidet må gå parallelt med prosessen med ny RTP.
3. Saksordførar RTP, utvalsleiar i hovudutval for samferdsel og mobilitet og representantar frå administrasjon må snarast planleggja møte med departement og sentrale politikarar i Oslo for avklara nye signal for finansiering av denne ordninga, herunder «pukkeleffekt» mm.